



ALVER
KOMMUNE

Tilskotsordningar kultur og idrett

Retningslinjer

høyringsutkast 28.5.2021





Generelt

Retningslinene er styrande for tildelingar av tilskot til kultur og idrett. Økonomiske rammer vert sett i økonomiplan- og budsjettvedtak.

Alver idrettsråd og Alver kulturråd er høyringspart for tildelingane

Søknadsfrist er 15. november for hovudtildeling og 15. april for tilleggstildelingar. I tillegg kjem ordningar med løpande frist eller periodiske satsingar.

Formål

Tilskota skal verke innanfor det utvida kulturomgrepet, og støtte Alver kommunes vedtekne målsetjingar innan kultur og idrett.

Tilskotsordningane

Ordningane er delt i tre hovudområde – driftstilskot, prosjektilskot og arbeids- og etableringsstipend

Driftstilskot

Det kan søkjast driftstilskot innan følgjande inndeling, med frist 15. November:

Idrett

Ordninga skal støtte oppunder aktivitet og drift i idrettslag under NIF og skyttarlag tilslutta DFS. Tildelinga vert basert på medlemstal.

Idrettsanlegg i privat eige

Ordninga gjeld større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar. Tilskota utarbeidast etter eige vektingsnøkkel.

Skulekorps og barnekor

Ordninga skal støtte oppunder aktivitet og drift i skulekorps og barnekor, og er basert på grunntilskot og medlemstal.

Kor, vaksenkorps og andre musikklag

Ordninga skal støtte oppunder aktivitet og drift i kor, vaksenkorps og andre musikklag, og er basert på grunntilskot og medlemstal.

Andre

Ordninga skal støtte oppunder aktivitet og drift, og er basert på heilskapelege vurderingar knytt til aktivitetsnivå og mangfald.



Prosjektilskot

Kulturprosjekt

Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr knytt til prosjektet. Produksjonsstøtte kan gjevast til utøvarar innan kulturfeltet, som kan vise til inngått avtale med velrenommererte visningsstadar for kunst, konsertlokale, plateselskap, forlag og liknande. Produksjonsstøtte skal gå til kostnader ved prosjektet, men ikkje eigen løn.

Tilskot er behovsprøvd og kan eventuelt gjevast som underskotsgaranti.

Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant.

Frist er 15. april og 15. November

Idrettsprosjekt

Ordninga skal støtte prosjekt innan idrettsfeltet, opne arrangement, og innkjøp av utstyr. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som tilskot eller underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant, og kan ikkje gå til arrangement som er budsjettert i underskot. Einskildutøvarar er ikkje omfatta av ordninga.

Frist er 15. april og 15. november

Friluftslivstiltak

Ordninga skal støtte tilrettelegging og utvikling av friluftslivstiltak, og kan gjevast i form av materialar, gjerdeklyv, grunder eller benkar, eller som refusjon av utgifter.

Det skal liggja føre ein skriftleg avtale med grunneigar der tilrettelegginga skal gjerast. Standard avtale om tilrettelegging og merking av turstiar bør nyttast. Det bør også liggja føre ein avtale om vedlikehald av stien på minst fem år.

Løpande søknadsfrist.

Istandsetting av verneverdige kulturminne

Ordninga skal bidra til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Alver kommune i privat eige. Kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan og verneverdige kulturminne som ligg i omsynssone for kulturminne skal normalt prioriterast.

Restaureringa skal skje i tråd med antikvariske prinsipp, lokal tradisjon og i dialog med kulturminneansvarleg instans i Alver kommune.

Søknadsfrist er 15. november



Mindre investeringar ved lokale kulturbygg

Ordninga skal støtte mindre investeringar i organisasjonseigde kulturbygg. Tilskot kan gjevast til kulturbygg, fleirbrukslokale, forsamlingslokale eller spesiallokale for kunst og kultur. Midlane kan nyttast til vedlikehald, ombygging og modernisering, men ikkje til drift. Det kan gjevast tilskot til mindre investeringar i og kjøp av utstyr og materiell. Frist er 15. November.

Arbeids- og etableringsstipend kultur og idrett

Kultur

Opptil tre arbeids- og etableringsstipend skal gå til kunstnarar/kulturutøvarar, som er heimehøyrande eller driv verksemd i Alver kommune, som har inntekt frå kunstnarisk, kulturell verksemd eller er under utdanning. Stipendet skal stimulere til lokal kulturutvikling.

Stipenda skal gå til følgjande tiltak:

- Eigenutvikling og aukiing av kompetanse
- Etablering av verksemd
- Utvikling av lokalt kulturliv

Aktuelle uttrykksformer er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthåndverk og film/media.

Idrett

Opptil tre arbeids- og etableringsstipend skal gå til idrettsutøvarar, trenarar, dommarar eller idrettsleiarar som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til, idrettslivet i Alver. Stipenda skal støtte høva for å utvikle seg innan idretten, og prioritere søkjarar i aldersgruppa 15 – 26 år.

Stipendet skal gå til følgjande tiltak:

- Eigenutvikling og kompetanseaukiing.
- Kostnadar ved reise eller opphald i samband med trening utanfor kommunegrensene.
- Utvikling av lokalt idrettsliv
- Kostnadar ved utstyr eller omfattande individuell reiseverksemd ved nasjonale og internasjonale meisterskap.



For begge stipendordningane:

Begge stipendordningane har ei øvre grense på kr 30 000

Stipenda kan søkjast i samarbeid med idrettslag, musikklag og liknande

Kulturstipenda skal delast ut etter ei vurdering av kunstnarisk innhald, gjennomføringsevne og verdi for det lokale kulturlivet. Søknadar skal innehalde ein plan for tiltaket og bruken av stipendet, CV og døme på tidlegare arbeid.

Idrettsstipenda skal delast ut etter ei vurdering av gjennomføringsevne og dokumenterte prestasjonar dei siste 3 år. Søknaden skal innehalde plan for tiltaket og bruken av idrettsstipenda, dokumentasjon av prestasjonar, CV og skriftleg uttale frå idrettslag og/eller særkrets eller særforbund.

Frist er 15. november

Vilkår

Ved promotering eller informasjon om prosjekttiltak, skal det gjerast kjend at dette er støtta av Alver kommune.

Driftstilskot kan gjevast til lag, organisasjonar innan kultur- og idrettsfeltet som har sitt virke i Alver kommune. Driftstilskot kan vurderast til andre ikkje-kommersielle aktørar med ålmenn kulturell verksemd som føremål.

Prosjekttilskot kan gjevast til lag, organisasjonar, ideelle verksemder, einskildpersonar og føretak som har sitt verke i Alver kommune i tråd med retningslinene for den einskilde ordninga. Det vert ikkje gjeve tilskot til politiske aktørar, aktørar som har som føremål å samle inn midlar, aktørar som ikkje er opne for alle i målgruppa og aktørar som strider mot kommunen sitt verdisyn. Søklarar kan vidare avvisast etter heilskapleg vurdering.

Søklarar utanfor kommunen kan etter vurdering få tilskot dersom tiltaket gjeld verksemd i Alver kommune.

Har ein aktør i kommunen sjølvstendige under-/ særgrupper, vert det som hovudregel berre gitt tilskot etter søknad forankra i hovudlag/sentralt styre.

Alle som mottok støtte må godta ordning med følgjekort på arrangement.



Søknad skal leverast på gjeldande søknadsskjema, saman med siste godkjente rekneskap, årsmelding og budsjett eller anna relevant tilsvarende dokumentasjon. Medlemskontingent vert vektlagt positivt.

Ufullstendige søknader, søknader som kjem etter søknadsfristen og søknader som fell utanfor retningslinene for ordninga, vert ikkje innstilt. Dersom ein søker tilskot frå fleire av ordningane skal det fremjast separate søknader.

Tilskotsordningane vert lyst ut på kommunen sine nettsider, i sosiale media og i annonsar i lokalavisene i god tid før søknadsfristen.

Handsaming, klagefrist og rapportering

Eit prosjekt vil som hovudregel ikkje fullfinansierast av Alver kommune. Driftstilskot vil som hovudregel ikkje dekke meir enn 50% av utgiftene til søkeren. Rekneskap frå føregåande år vert lagt til grunn.

Tiltak som rettar seg mot born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og inkluderingsiltak skal prioriterast ved tildeling. Vidare vert føringar i kommunale planar og strategiar lagt til grunn i vurderingar av søknadene.

Idrettsrådet og kulturrådet er høyringsorgan. Utval for oppvekst, kunnskap og kultur gjer vedtak i høve politisk styringsreglement etter innstilling frå rådmannen, bortsett frå søknader i ordninga *friluftstiltak* som har løpande søknadsfrist på delegert vedtak.

Tilsegnsbrev vert sendt søker så snart vedtaket er gjort. Klagefrist er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. Klagen må grunngjevast.

Tilskot vert utbetalt så snart vedtaket er gjort. Utbetaling til privatpersonar skjer etter godkjent rapport når tiltaket er gjennomført. Delutbetaling kan vurderast.

Prosjekt og stipend skal gjennomførast i tråd med opplysningar gjeve i søknad. Vesentlege endringar må meldast skriftleg til saksbehandlar for vurdering. Prosjekt og stipend skal som hovudregel vere gjennomført innan eitt år etter tildeling. Unntak kan gjevast til dømes ved prosjekttiltak som involverer fleire tilskotsytarar. Det skal sendast inn rapport og rekneskap etter gjennomføring av prosjekttiltaket. Driftssøknadar kan krevjast rapportering ved vurdering.



ALVER
KOMMUNE

I tilfelle prosjektet ikkje blir gjennomført, skal det likevel leverast rapport. Ny søknad vert ikkje behandla før rapport for tidlegare tildelingar er levert.

Om prosjektet blir avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller delar av tilskotet vertakravn tilbakebetalt. Beløpet vil bli kravn inn etter varsel og faktura frå Alver kommune.